

Snart løysing på vegfloka?

16.02.2015



Ein køyretur innover mot Fjellandsbø er ei rystande oppleving.

26. januar lova ordførar Synnøve Solbakken å ta opp med rådmannen problemet med vedlikehaldet av den kommunale vegen frå Friheim til Fjellandsbø men førebels har det ikkje skjedd noko avgjerande. I alle fall har ikkje sentrale personar fått noko signal om det og utålmodigheten veks øverst i dalen.

Vegvaktar Øyvind Hardeland har for stutt tid sidan meldt frå om at det ikkje vil verta gjennomført noko vedikehald av vegen som er i svært dårleg stand. Det krev imidlertid eit politisk vedtak, påpeika Sigmund Myklebust, i eit brev til ordføraren.



Undervegs mot Fjellandsbø frå Friheim

Då saka for stutt tid sidan vart berørt under årsmøtet i Uskedal Utvikling sa Magne Huglen at ho var ein sak for politikarane og undra på om det var tilsvarande vegproblem andre stader i kommunen. Leiar Kristian Bringedal understreka at det er problematisk å brøyta på grunn av dårleg vedlikehald. Han var inne på om det kan skje eit samarbeid om vedlikhaldet. Kjell Yri sa at det er ganske mange i distriktet som har brøyteskjær.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen